


Usemje om rømningsvegane på Dønhaug

04.12.2008



Rømningsvegane frå Dønhaugkjedlaren (til venstre) og låven kjem på politikarane sitt bord til veke. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunen og Magne Huglen er slett ikkje samde om rømningsvegane frå låven og Dønhaugkjedlaren er tilfredsstillande og saka skal opp i forvaltningskomiteen 10. desember



[Dette er ei teikning som viser rømningsvegane frå låven.](#)

Det er også avtala møte mellom brannsjef, sakshandsamar og Huglen fredag i denne veka og administrasjonen vil ikkje skrive forslag til vedtak i saka før dette møtet er halde og det ligg føre ein mest mogeleg komplett dokumentasjon.

Administrasjonen vil legge fram forslag til vedtak på møtet i forvaltningskomiteen. Før ebels skriv sakshandsamar Jon Harald Kjærland at byggesakskontoret må fylgja opp og sjå til at avvik som gjeld rømningsvegane vert brakt i ordenslik at avvika kan lukkast.

- Forsamlingslokalar skal ha forskriftsmessige rømningsvegane slik at publikum kan koma seg i sikkerhet når ein kritisk situasjon oppstår, skriv Kjærland.

Han peikar på at bygga ikkje er utstyrt med rømningsvegane etter gjeldande lover og forskrifter.

I låven er rømningsveg og hovudinngang ein port som er delt i tre: Første del er ei vanleg sidehengsla dør med netto opning 1,25 meter breidde og 2,09 meter høgde som slår utover. Andre delen av porten består av to dørblader med breidde 2,5 meter og høgde 3,4 meter som skyves sidelengs og dørbladene folder seg saman utover. Porten fører ut til låvebru i betong med tilsvarende breidde. Annan stad i lokalet er det ei rømningsvegg med fri breidde på 1,2 meter som ifølgje Huglen fører til det fri.

Branningeniøren har skrive avvik på skyvedøra som rømningsveg fordi dei siste delane er ledda saman og først må pressast ut på midten for å skyvast til side. Brannvernet kan ikkje sjå at desse dørane kan opnast med eit enkelt handgrep og såleis ikkje er eigna som dørar i rømningsveg for verksemd i risikoklasse fem.

Brannprosjekterande Prosjekt Konsult Kvinnherad skreiv i fjor at eigaren måtte sjekka at desse portane kunne godkjennast som rømningsdørar. Om ikkje måtte han skifte til godkjente porter. Men det vil ikkje Huglen fordi prosjekterande i 2005 fann dei i orden. Huglen skriv at "all fornuft tilseier at dette må vera ei fullgod rømningsdør".

Kjærland skriv at endra trapp ut frå låven ikkje er dokumentert og det er heller ikkje brannskiljekonstruksjonar mot husdyrrom. Og rømingporten er ikkje dokumentert som rømingdør i forsamlingslokalar.

Når det så gjeld rømingveg frå Dønhaugkjedlaren er det ei dør som slår utover og ei som slår innover. Her er brannsyn-avviket at hovuddøra slår inn og at det er garderobeanordning langs veggen innanfor døra. Dette gjer at inngangen ikkje er eigna som rømingveg. Prosjekt Konsult Kvinnherad har uttala at døra må snuast med slagretning utover. Men Huglen har svara at den utslåande døra aleine vil vera meir enn tilstrekkeleg rømingveg for gjestene.

Ein rådgjevar i SINTEF har etter spørsmål frå kommunen sagt at begge dørane må vera utslåande på grunn av det høge talet på personar som kan vera i lokalet. Dei to dørene må vera uavhengige av kvarandre på grunn av kravet om to uavhengige rømningsvegar frå slike lokaler.

Der står saka i dag og så står det att å sjå kva administrasjonen og i neste omgang politikarane kjem fram til.

Av Ola Matti Mathisen